

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091
0301 Oslo

Deres ref.:
Vår ref.: 11371588

Dato: 22.11.2013

Fiskepassasje Høsefossen: Søknad om redusert vassføring i Ekso, Vaksdal kommune

Krav til minstevassføring for Myster kraftverk gitt ved kongelig resolusjon 23. mars 2009 er: «*Det skal slippes en minstevannføring fra Nesevatnet til Ekso på 2 m³/s i tiden 1. mai - 30. september, og 1,0 m³/s i tiden 1. oktober - 30. april, målt over inntaksdammen Nesevatnet. Dersom tilsiget er lavere enn minstevannføringen slippes tilsiget.*»

I samband med konsesjonen for bygginga av Myster kraftverk i 1983, blei det gjeve pålegg om utsetting av laksesmolt. I konsesjonen var det og høve til å gje pålegg om etablering av fiskepassasjer. BKK Produksjon fikk i 2007 pålegg fra Direktoratet for Naturforvaltning (DN) om å etablere vandringsvei for anadrome fisker i Raufossen, Ekso. I brev frå DN mai 2008, blir det presisert at pålegget (vandringsvei i Raufossen) og gjeld Høsefossen. Effekten av fisketrappa i Raufossen blir relativt marginal dersom det ikkje blir gjennomført tiltak for å lette vandring opp Høsefossen i tillegg. Det blei i 2010/2011 etablert vandringsvei i Raufossen og i Høsefossen. I Raufossen blei det bygd ei fisketrapp, og det blei sprengt ut to kulpar i Høsefossen. Det var usikkert om tiltaket i Høsefossen var vellykka før fisken hadde vandra forbi Raufossen. Det har no vist seg at anadrom fisk vandrar forbi Raufossen, men kjem seg ikkje opp Høsefossen.

Det planleggast difor ein ny anleggsperiode i Høsefossen i januar-mars 2014. Det vil bli sprengt ut fleire kulpar og utført ei breiddeutviding for lågare vassfart. Sprengingsarbeidet i Høsefossen er anleggsteknisk svært utfordrande. Alt utstyr er handheldt og transportert inn med helikopter. Is og vatn gjer det vanskeleg å vurdere fjell, borplassering og kvaliteten på utsprenginga. Så tørr elv som forsvarleg er viktig både for tryggleiken til eige personell og for å oppnå eit godt resultat.


Tore Wiers, LFI Uni miljø, opplyser at det gjekk veldig bra med ungfisken i år, tross ein svært tørr mars månad. Historisk vassføring registrert i Langhølen, Ekso er vist i tabellen:


Periode	2010	2012	2013
Januar-februar	Stort sett 0,3-0,6 m ³ /s (førre anleggsperiode)	Stort sett 1-1,5 m ³ /s	Stort sett 0,4 - 0,6 m ³ /s
Mars		2 - 4 m ³ /s	0,2 - 0,5 m ³ /s i mars

BKK Produksjon søker difor om redusert minstevassføring frå Nesevatn til 0,3 m³/s i inntil 6 samanhengande veker i tidsrommet 13. januar-20. mars 2014. Kva tid anleggsperioden på 6 veker blir, avheng av langtidsvervarsel.

Detaljplan for miljø og landskapspleie er tildegare sendt NVE, Region vest, med dok. ID: 11362495.

På grunn av nær føreståande planlagt oppstart av anleggsarbeida er kopi av søknaden sendt Fylkesmannen i Hordaland ved Gry Walle.

Vennlig hilsen
BKK PRODUKSJON AS

Knut Kinne
Vassdragsteknisk ansvarlig


Ingvill Storøy
Prosjektleiar